



## SAKSUTSKRIFT

Arkivsak-dok. 21/04356-9  
Sakshandsamar Anders Gjøstein

# BERGSDALSVASSDRAGET OG TORFINNSVASSDRAGET- UTTALE TIL REVISJONSDOKUMENT.

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Utval for klima og miljø	25.01.2022	3/22
2 Heradsstyret	03.02.2022	10/22

### Møtebehandling

Kjell Normann Hernes (Voss Arbeiderparti) reiste spørsmål om gildskap då han er hytteigar ved Hamlagrøvatnet og har teke del i diskusjonar i Facebook-gruppa i høve minste vassføring og minstevasstand i Hamlagrøvatnet.

Utvalet røysta over ugildskapen og fann Kjell ugild med 5 mot 2 røyster forvaltingslova § 6 andre ledd. Kjell Hernes gjekk frå under handsaming av saka.

### Framlegg frå Dag Sandvik (SV):

Nytt 1. punkt i vedtaket

Rapporten *Global Assessment Report on Biodiversity and Ecosystem Services* frå FN sitt naturpanel syner at me står overfor ei naturkrise. Bevaring og restaurering av natur er i dag av langt større betydning enn då konsesjonane for kraftverka vart gjeve. Oppdateringen av raudlista her i Norge, er ein nasjonal påminning om dette. Me ber NVE tillegge naturverdiane avgjerande vekt i revisjonen.

### Votering

Framlegg frå Dag Sandvik vart samråystes vedteke med 7 røyster

Utvalet røysta deretter over hele tilrådinga som vart samråystes vedteke med 7 røyster

### Tilråding

Rapporten *Global Assessment Report on Biodiversity and Ecosystem Services* frå FN sitt naturpanel syner at me står overfor ei naturkrise. Bevaring og restaurering av natur er i dag av langt større betydning enn då konsesjonane for kraftverka vart gjeve. Oppdateringen av raudlista her i Norge, er ein nasjonal påminning om dette. Me ber NVE tillegge naturverdiane avgjerande vekt i revisjonen.

Voss herad viser til saksutgreiinga og vil be om at:

1. Regulanten vert pålagd å utbetra habitattilhøva i den anadrome delen av Torfinno, tilpassa vassføringa etter reguleringa.  
Regulanten bør i tillegg påleggjast å kosta tiltak i form av erstatningsbiotopar for laksen på eigna stader i Vosso.
2. Regulering av Hamlagrøvatnet er uendra:
  - a. naturleg vasstand 587,7 moh.
  - b. vestre del regulert frå 588 til 560 moh.=28 m.
  - c. austre del regulert frå 588 til 570 moh.=18 m.

Regulanten vert pålagt å endra manøvreringsreglementet slik at tappinga i Hamlagrøvatn vert avslutta 1. mai, mot 15. mai som i dag, medan tapping startar opp att 1. september som i dag (sommartapping).

Minimum vasstand før tapping om sommaren bør vera 585 mot 584 som i dag.

Vatn frå Torfinnsvatnet må brukast for å understøtta slikt manøvreringsreglement.

3. Fiskefonda for innlandsfisk vert vidareført i den nye konsesjonen.

Saksordførar: Torgunn Hegland

---

### **Møtebehandling**

Erik Røthe Klette (Sp) bad om habilitetsvurdering då far hans er grunneigar ved Hamlagrøvatnet.

Bjørg Djukastein (Ap) bad om habilitetsvurdering då foreldra hennar er grunneigar ved Hamlagrøvatnet.

Dag Sandvik (SV) bad om habilitetsvurdering då far hans har hytte med utsikt til Hamlagrøvatnet.

Kaja Sudmann Mandelid (Ap) bad om habilitetsvurdering då mor hennar er grunneigar ved Hodnavatnet.

Heradsstyret fann samrøystes Klette, Djukastein, Sandvik og K.S. Mandelid gilde til handsaming av saka jf. Forvaltingslova § 6 andre ledd.

Framlegg til nytt punkt 4 frå Sveinung Klyve (Mdg):

Regulanten vert pålagt utsetjing av aure i Torfinnsvatnet og ved behov i Hamlagrøvatnet basert på regelbundne fiskartleggingar i vatna. Grunngjeving:

Torfinnsvatnet:

Det er ikkje naturleg gyting av aure i Torfinnsvatnet på grunn av kraftig regulering av vatnet. Dei seinare åra har regulanten Voss energi på frivillig basis sett ut fisk i vatnet. Dette har gjort at det i dag er svært fin fisk i vatnet. Fisken er på storleik ca 0,3-0,7 kg og raud og fin i kjøpet. Mange tek turen opp dit med fiskestonga for å få seg ein fin fiskeoppleveling. Grunneigarar får også fin fisk på garn. Området er eit viktig friluftsområde med Voss Utferdsdag si hytte Torfinnsheim og t-merka løype over Gråsida.

Hamlagrøvatnet:

Til tross for kraftig regulering har vatnet naturleg rekruttering av aure slik at bestanden i vatnet er stor nok til at ein ikkje treng setja ut fisk. Dette kan endra seg og regelbunde prøvefiske må difor utførast for å fylja med.

### **Votering**

Røysta over tilleggspunkt frå Klyve: Samrøystes vedteke med 42 røyster.

Røysta over Utval for klima og miljø si innstilling: Samrøystes vedteke med 42 røyster.

### **Vedtak**

Rapporten *Global Assessment Report on Biodiversity and Ecosystem Services* frå FN sitt naturpanel syner at me står overfor ei naturkrise. Bevaring og restaurering av natur er i dag av langt større betydning enn då konsesjonane for kraftverka vart gjeve. Oppdateringen av raudlista her i Norge, er ein nasjonal påminning om dette. Me ber NVE tillegge naturverdiane avgjerande vekt i revisjonen.

Voss herad viser til saksutgreiinga og vil be om at:

1. Regulanten vert pålagd å utbetra habitattilhøva i den anadrome delen av Torfinno, tilpassa vassføringa etter reguleringa.  
Regulanten bør i tillegg påleggjast å kosta tiltak i form av erstatningsbiotopar for laksen på eigna stader i Vosso.
2. Regulering av Hamlagrøvatnet er uendra:
  - a. naturleg vasstand 587,7 moh.
  - b. vestre del regulert frå 588 til 560 moh.=28 m.
  - c. austre del regulert frå 588 til 570 moh.=18 m.

Regulanten vert pålagt å endra manøvreringsreglementet slik at tappinga i Hamlagrøvatn vert avslutta 1. mai, mot 15. mai som i dag, medan tapping startar opp att 1. september som i dag (sommartapping).

Minimum vasstand før tapping om sommaren bør vera 585 mot 584 som i dag.

Vatn frå Torfinnsvatnet må brukast for å understøtta slikt manøvreringsreglement.

3. Fiskefonda for innlandsfisk vert vidareført i den nye konsesjonen.
4. Regulanten vert pålagt utsetjing av aure i Torfinnsvatnet og ved behov i Hamlagrøvatnet basert på regelbundne fiskartleggingsar i vatna. Grunngjeving:

#### Torfinnsvatnet:

Det er ikkje naturleg gyting av aure i Torfinnsvatnet på grunn av kraftig regulering av vatnet. Dei seinare åra har regulanten Voss energi på frivillig basis sett ut fisk i vatnet. Dette har gjort at det i dag er svært fin fisk i vatnet. Fisken er på storleik ca. 0,3-0,7 kg og raud og fin i kjøpet. Mange tek turen opp dit med fiskestonga for å få seg ein fin fiskeoppleveling. Grunneigarar får også fin fisk på garn. Området er eit viktig friluftsområde med Voss Utferdsdag si hytte Torfinnsheim og t-merka løype over Gråsida.

#### Hamlagrøvatnet:

Til tross for kraftig regulering har vatnet naturleg rekruttering av aure slik at bestanden i vatnet er stor nok til at ein ikkje treng setja ut fisk. Dette kan endra seg og regelbunde prøvefiske må difor utførast for å fylja med.

---

## **Saksframlegg**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Voss herad viser til saksutgreiinga og vil be om at:

1. Regulanten vert pålagd å utbetra habitattilhøva i den anadrome delen av Torfinno, tilpassa vassføringa etter reguleringa. Regulanten bør i tillegg påleggjast å kosta tiltak i form av erstatningsbiotopar for laksen på eigna stader i Vosso.
2. Regulering av Hamlagrøvatnet er uendra: a. naturleg vasstand 587,7 moh.  
b. vestre del regulert frå 588 til 560 moh.=28 m.  
c. austre del regulert frå 588 til 570 moh.=18 m.

Regulanten vert pålagt å endra manøvreringsreglementet slik at tappinga i Hamlagrøvatn vert avslutta 1. mai, mot 15. mai som i dag, medan tapping startar opp att 1. september som i dag (sommartapping).

Minimum vasstand før tapping om sommaren bør vera 585 mot 584 som i dag.

Vatn frå Torfinnsvatnet må brukast for å understøtta slikt manøvreringsreglement.

3. Fiskefonda for innlandsfisk vert vidareført i den nye konsesjonen.

### **Vedlegg:**

Høyringsbrev frå NVE, 06.07.2021\_

Revisjonsdokument for Bergsdalsvassdraget og Torfinnsvassdraget, BKK juni 2021

Felles kravdokument frå kommunane, 05.06.2019

VS\_Oppmoding frå Kyrkjevika Hyttelag i høve vilkårsrevisjon for Bergsdals- og Torfinnsvassdraget.msg

OppmodingHerad.pdf

SKM\_C55822011014070

Uttale Vaksdal

### **Samandrag:**

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har vedteke at det skal gjennomførast vilkårsrevisjon for Bergsdalsvassdraget og Torfinnsvassdraget.

Hovudføremålet med revisjonen er å betra miljøtilhøva i regulerte vassdrag, og at dette må vurderast mot føremålet med konsesjonen som er kraftproduksjon.

Voss herad har tidlegare på vegne av aktuelle kommunar fremja sine krav og merknader.

Eviny (tidlegare BKK) har i samarbeid med Voss Energi som utbyggjar og konsjonær no utforma eit revisjonsdokument der dei gjennomgår og kommenterer dei innkomne krava.

NVE ber no dei ulike høyringsinstansane om merknader til revisjonsdokumentet.

Saka var først oppe i Utval for klima og miljø i møte 5. okt 2021 der saka vart utsett med søknad om utsett frist. NVE sette ny frist til 1.febr. 2022.

Sakshandsamar har vore i to møte arrangert av Vaksdal kommune før jol knytt til dei to revisjonane Torfinnsvatnet/Bergsdalen og Evanger kraftverk.


Heradet har fått tilgang på rapport tinga av Vaksdal kommune utarbeidd av Tor Haakon Bakken frå NTNU. Han er hydrolog og har gjort ei fagleg vurdering av Eviny sine tilsvær i Revisjonsdokumentet. Voss herad har og fått oversendt Vaksdal sin høyringsuttale som er vedlagt saka.

## Saksopplysningar:

NVE varsla i januar 2019 aktuelle kommunar om innkomne krav som gjeld vilkårsrevisjon for Torfinnvassdraget og Bergsdalsvassdraget, Eksingedalsvassdraget og Teigdalsvassdraget (Evanger kraftverk) og Steinsland / Modalvassdraget. På vegne av kommunane Vaksdal, Modalen, Vik og Kvam herad, svara Voss herad 23. mars 2019 at kommunane ynskjer å koordinera krava om vilkårsrevisjon for dei aktuelle vassdraga. Voss herad har i samarbeid med nabokommunar utforma sine krav og merknader i brev av 5 juni 2019. Etter at kommunane og andre høyringsinstansar fremja sine krav, har BKK i samarbeid med Voss Energi utforma eit revisjonsdokument der dei gjennomgår og kommenterer krava. NVE ber no dei ulike høyringsinstansane om merknader til revisjonsdokumentet.

## **Regulering av Torfinnvassdraget og Bergsdalsvassdraget**

BKK Produksjon AS og Voss Energi Produksjon AS har konsesjonane der det er opna for revisjon i Torfinnvassdraget og Bergsdalsvassdraget. Voss herad eig Voss Energi AS som eig Voss Energi Produksjon AS. Kraftutbygginga i området starta i 1928 og har utvikla seg gradvis fram til i dag. Torfinnvatnet vart fyrt seinka i 1932 og i 1937 vart vatnet ytterlegare seinka. Frå 1955-56 er vatnet også oppregulert med 5 m. Vatnet blir overført til Hamlagrøvatnet gjennom ein kanal og tappetunnel. Dette inneber at det er ført frå 58,5 km<sup>2</sup> av Torfinno sitt nedbørfelt til Bergsdalen. Det naturlege nedbørssfeltet til Vosso ved innløpet i Evangervatnet er som ein konsekvens redusert med ca. 5 %. Hodnaberg kraftverk vart sett i drift i 1953 og kraftverket har i dag ein midlare årsproduksjon på 94 GWh.



Kart over reguleringane i Torfinnvassdraget og Bergsdalvassdraget.

Voss Energi fekk i 2018 konsesjon til å overføra vatn frå Svartavatnet og Krokatjørna til Torfinnvatnet. Voss Energi er no i gang med bygging av overføringane.

**Naturkvalitetar, erosjon og avbøtande tiltak.  
Anadrom laksefisk**

Torfinno renn ut i Vosso ved Geitle. I samband med løyvet til å overføra Torfinno frå Vossovassdraget til Bergsdalsvassdraget i 1928, vart tilhøva i nedre del av Torfinno vurdert med omsyn til fisk og fisket i Vosso. Tilhøva for laks og sjøaure i Torfinno var oppe til vurdering i fleire skjønn og det var usemjø om det var laks og sjøaure i elva. Temperaturen i Torfinno om sommaren var vesentleg lågare enn i Vosso. Sjølv om gytepotalets er avgrensa fungerte vassdraget truleg som oppvekstområde for anadrom laksefisk.

Våren 2020 gjennomførte NORCE LFI ei kartlegging av anadrom strekning i Torfinno. Sjølv om Torfinno har ein anadrom strekning på 830 m, vil laks og sjøaure i realiteten stoppa ved terskelen ca. 200 m nedstraums vandringshinderet. Oppstraums terskelen viser kartlegging at elvestrekka har avgrensa verdi med lite skjul og avgrensa tilhøve for gyting. Det vart også gjennomført el-fiske nedstraums jernbanebrua, og det vart her observert låg tettleik av både laks- og sjøaureyngel. Totalt sett har elva gode skjultilhøve, men låg vassføring kan gjera desse lite tilgjengelege.

### Aure

Torfinnsvatnet, Hamlagrøvatnet og Bergsvatnet er dei største vatna som er regulert til kraftproduksjon i Bergsdalen. Det er gjennomført prøvefiske i desse vatna dei siste 20 åra. Det har berre vore sett ut yngel i Torfinnsvatnet.

Torfinnsvatnet vart først prøvefiska i 1928. Då vart innsjøen vurdert som fisketom. Aure vart sett ut på 1930-tallet og fram til krigen. Prøvefiske har vist at bestanden av aure har variert mykje opp gjennom åra. Frå 2000 vart det sett ut fisk frå Voss klekkeri, i hovudsak finansiert av Voss Energi og Eviny. Siste prøvefisket i 2017 viste at Torfinnsvatnet har ein middels tett bestand av aure og tilveksten er relativt god til fisken er mellom 30 og 35 cm, deretter stagnerer tilveksten. Tilnærma all fisk fanga i vatnet var utsett fisk. Gjennomsnittleg kondisjonsfaktor er noko låg og indikerer at næring er ein avgrensande faktor i innsjøen. Det vart fiska i alle potensielle gytebekkar, men det vart ikkje påvist naturlig rekruttering.

Det er ikkje utsettingspålegg i Hamlagrøvatnet og vatnet vart sist prøvefiska i 2001. Det er ein god aurebestand i Hamlagrøvatnet og naturlig rekruttering er påvist i alle undersøkte bekker og elver ved Hamlagrøvatnet. Det er og registrert røyr i vatnet.

I samband med konsesjonen oppretta Eviny 3 kommunale fiskefond som eit avbøtande tiltak.

### Friluftsliv og kulturminne.

Fjellområda i dei regulerte områda er attraktive tur- og friluftsområde. Det er fleire turisthytter og merka turløyper og områda blir mykje nytta gjennom heile året.

Rundt Hamlagrøvatnet ligg det ei rekke stolar og hytter, der dei fleste av hyttene er kome til etter reguleringa. Reguleringa skapar vanskar for ferdsel på vatnet både sommar og vinter.

I området er det ingen kjente objekt verna etter kulturminnelova som er direkte påverka av utbygginga.

### Erosjon og utrasing i Hamlagrøvatnet

Hamlagrøvatnet vart første gong regulert i 1928 og kan i dag senkast inntil 27,5 meter. Strandlinja til Hamlagrøvatnet er prega av lausmasser. Erosjon har derfor vore og er ei stor utfordring i strandsona. Utrasing i strandsona har såleis utløyst krav om erstatning og i 1952 vart det halde skjønn over «utrasingsskader» rundt Hamlagrøvatnet. Det vart etter skjønnet betalt erstatning, som også skulle inkludera framtidige skader. Seinare er det målt opp utrust areal som overstig det arealet som vart erstatta.

I gjeldande manøvreringsreglement for Hamlagrøvatnet er det fleire vilkår, m.a. : « tapping frå Hamlagrøvatnet i tiden fra lavvassperiodens slutt, senest 15. mai, til 15. august og før vasstanden har nådd kote 584,0, tillates bare for å opprettholde minstevannføringen i foregående ledd. Tapping i tiden mellom 15. august og 1. september skal i tilfelle skje uten at vasstanden reduseres, men minstevannføringen skal opprettholdes »

### Regional vassforvaltningsplan

Regional vassforvaltningsplan for Hordaland 2016-2021 vart godkjent av Klima- og miljødepartementet (KLD) i 2016. For Bergsdalsvassdraget og Torfinnsvassdraget er ingen objekt oppført i vedlegg 2 i KLD sitt godkjenningsbrev, som gir oversikt over vassdrag med miljømål høgre enn tilstanden i dag og som treng nye tiltak som kan føra med seg tap i kraftproduksjon.

### **Eviny (BKK) sitt revisjonsdokument**

Etter kommunane og andre høringsinstansar har fremja sine krav har Eviny som utbyggjar og konsjonær utforma eit revisjonsdokument der dei gjennomgår og kommenterer krava.

Det er framsett krav om minstevassføring i Torfinno for å betra tilhøva for anadrom fisk og for å ta vare på biologisk mangfold. Eviny svarar at ei eventuell minstevassføring kan tappast frå eit tverrslag på driftstunnelen ca. 300 m frå dammen ved Torfinnsvatnet. Dersom det skal sleppast vatn frå Holmavatnet, ned Holmselvi til Torfinno, må ein og ha regulering av Holmavatnet og det må eventuelt etablerast ein senkingstunnel. Eviny har rekna at ei minstevassføring i Torfinno tilsvarannde Q95 for Torfinnsvatnet vil gje eit årleg produksjonstap på 21,3 GWh. Eviny og Voss Energi ser det ikkje som kostnadseffektivt å sleppa vatn for å sikra vassføring for laksefisk på ein anadrom strekning på 600-830 m som ikkje har gode gyteforhold. Dei tilrår i staden å utføra habitatforbetrande tiltak for å tilpassa nedre del av elva til vassføringa i dag. Eit alternativ er å leggja tilrette erstatningsbiotopar for Vossolaksen andre stader.

Eviny foreslår i revisjonsdokumentet å endra manøvreringsreglementet for tapping i Hamlagrøvatnet ved å senka kotehøgda som vassstanden skal liggja på om sommaren med 2 meter, i tillegg til å fjerna særregelen om å unngå tapping frå nivå av 15. august til 1. september. Eviny meiner at bakgrunnen for dette kravet ikkje lenger gjer seg gjeldande. Eviny viser til at senking av sommarvasstand vil gje ein større fleksibilitet ved reguleringa av vassdraget. Dette kan også gje betre tilhøve for å kunna tilpassa vassføringa på anadrom strekning nedst i vassdraget (Daleelva).

Når det gjeld flaum, viser Eviny til at tilsiget i Torfinno, ved samlopet med Vosso er redusert med ca. 85 % etter reguleringa. Fråføringa av vatn resulterer i at flaumane i Torfinno er kraftig redusert, men Torfinno påverkar likevel i liten grad dei største flaumane i Vosso.

Det revisjonsdokumentet ikkje visualiserer er konsekvensar på landskapsbilde (svart/brun vegetasjonsfri sone rundt heile vatnet) ved 2 meter lågare vannstand sommarstid. Voss herad stiller spørsmål ved om dette er i tråd med OED (2012) sine retningsliner for vilkårsrevisjon.

### **Vidare handsaming**

Etter at NVE har gjennomgått dei ulike merknadane til revisjonsdokumentet vil dei invitera kommunane og andre høringsinstansar til ei synfaring i dei aktuelle vassdraga der ulike problemstillingar kan utdjupast nærmere. Deretter slutthandsamar NVE saka og sender si tilråding til Olje- og energidepartementet (OED). Departementet gjennomfører ei avgrensa høyring før saka vert fremja for regjeringa for kongeleg resolusjon og endeleg vedtak i statsråd.

### **Rådmannen si vurdering:**

#### **Generelle vurderinger:**

Hovudføremålet med ein vilkårsrevisjon er å betra miljøtilhøva i regulerte vassdrag. Dette med bakgrunn i at ulike miljøomsyn var mindre vektlagt i dei eldre konsesjonane. Det er berre konsesjonsvilkåra, inklusive sjølve manøvreringsreglementet, som kan reviderast, ikkje sjølve konsesjonen. Statsforvaltar kan med grunnlag i konsesjonen påleggja regulanten å finansiera undersøkingar og tiltak gjennom «standard naturforvaltningsvilkår»

For Voss herad er dei største utfordringane ved reguleringa av Torfinnsvassdraget og Bergsdalsvassdraget knytt til erosjon og utrasing i Hamlagrøvatnet, 2 meter lågare sommarvannstand i Hamlagrøvatnet og sterkt redusert vassføring i Torfinno. Reguleringa av Hamlagrøvatnet er nok den største negative og mest synlege endringa i landskapet. Reguleringa har og medført negative effektar for lokalsamfunnet. Det var tidlegare ei omfattande stølsdrift/seterdrift rundt vatnet. Sjølv om denne i dag er redusert, er oppdemminga med store utrasingar i strandsona til skade og sjenanse både for grunneigarane og hytteigarane i området. Ei endring av manøvreringsreglementet slik regulanten no

gjer framlegg om, bør derfor avisast. Voss herad bør derimot krevja at sommarvassstanden vert heva til 585 mot 584 som i dag. Voss herad bør og krevja at vintertappinga stoppar 1. mai mot 15. mai som i dag.

Torfinnsvatnet må brukast til å understøtta slikt endra manøvreringsreglement. Voss herad ser ikkje bort frå at slik tapping kan vera økonomisk fordelaktig då prisane erfaringsmessig på elektrisk energi er høgare vinterstid i høve sommarstid.

Fleksibiliteten totalt sett treng det ikkje verta så stor endring på av di ein kan kompensera nødvendig fleksibilitet ved hjelp av vatn frå Torfinnsvatnet.

Voss herad grunngir denne innstramminga i manøvreringsreglementet med omsynet til dei som nyttar området både næringsmessig og til fritidsaktivitetar. Det er om lag 800 hytter og mange stølsbol i området rundt Hamlagrøvatnet. Det vert lettare å ta i bruk båt sommarsdagen og truleg vil dette redusera erosjonsproblematikken i lausmassar i strandsona.

Den regulerte sona rundt vatnet vert opplevd som ein ørken sommarstid og reduserer landskapsopplevelinga for alle som nyttar området. Mange innspel, både skriftleg og pr. tlf. til heradet, ser med stor uro på konsekvensane av endra manøvreringsreglement for Hamlagrøvatnet slik Eviny ynskjer.

#### Økonomiske konsekvensar:

Generelt gjeld at dersom vatn som i dag går til kraftproduksjon i framtida skal tilbakeførast til vassdraga, vil produksjonen verta lågare med reduserte inntekter for regulanten og i neste runde for heradet.

Om heradet sitt framlegg til endringar i manøvreringsreglement fører til økonomiske konsekvensar for heradet, er vanskeleg å vurdera før dette er utgreidd av regulanten sjølv. På den andre sida kan auka trivsel og større attraktivitet i Hamlagrø-området og gi positive ringverknader økonomisk for kommunen.

Auka tilførsel av vatn til Torfinno vil bety mindre inntekter via konsesjonskraft og konsesjonsavgifter, som i tillegg til egedomsskatt er dei viktigaste inntektskjeldene for heradet knytt til kraftproduksjon.

#### Miljø og klimakonsekvensar:

Redusert vassføring i Torfinno har truleg marginal innverknad på Vossolaksen. Utbetring av habitattilhøva både i anadrom strekning av Torfinno og i Vosso vil vera eit eigna avbøtande tiltak. Eit friare manøvreringsreglement av Hamlagrøvatnet vil berre auka skadeverknadane for støls- og hytteigarane rundt vatnet. Heradet føreslår derfor ei strengare manøvrering for å auka trivselen blant alle brukarane av området sommarstid.

#### Folkehelsekonsekvensar:

Utøving av friluftsliv og fiske er ein viktig friluftsaktivitet for mange. Likeså er oppleveling av intakt og urørt natur viktig. Regulerte vassdrag med tørrlagde elver og tilhøyrande infrastruktur reduserer naturopplevelinga for mange. Tilsvarande vil mangel eller redusert tilgang til fiske kunna ha innverknad på livskvalitet og folkehelse. Det er derfor viktig at regulanten gjennom vilkårsrevisjonen bidreg slik at skadeverknadane for det tradisjonelle friluftslivet blir minst mogleg.

Vilkårsrevisjon, og endringar i vilkår som tek større omsyn til trivsel, er særleg viktig for gamle konsesjonar der dette var lite vektlagt.

#### Konklusjon

I revisjonsdokumentet har Eviny svara på dei krava som er reist gjennom vilkårsrevisjonen. Utifra dei skadeverknadane som reguleringane har påført Hamlagrøvatnet, meiner heradet at manøvreringsreglementet bør strammast noko inn og ikkje utvidast slik Eviny føreslår. Habitattilhøva i den anadrome delen av elva bør utbetrast og tilpassast vassføringa etter reguleringa. I tillegg bør regulanten kosta tiltak i form av erstatningsbiotopar for laksen på eigna stader i Vosso.

